



PETROLEUMSTILSYNET

Aker BP ASA

Postboks 65

1324 Lysaker

Vår sakshandsamar

Bjørnar André Haug

Dykkar ref.

AkerBP-Ut-2022-0011

Vår ref. (ved svar)

Ptil 2022/87/BJH

Dato

21.03.2022

Samtykke til oppstart og drift av Hod B

Vi viser til søknaden dykkar om samtykke til oppstart og drift av Hod B.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25 tredje ledd bokstav a blir de gitt samtykke til oppstart og drift av innretninga Hod B.

Samtykket blir mellom anna gitt på bakgrunn av dokumentasjonen som er send inn i samband med søknaden.

Vi koordinerer handsaminga av søknaden om samtykke, sjå rettleiinga til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden lagd fram for Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Rogaland.

Miljødirektoratet har vore i kontakt med Aker BP, og fått stadfesta at alle planlagde aktivitetar i samtykkesøknaden er dekkja av gjeldande løyve etter forureiningslova for Valhall, sist oppdatert 23.november 2021. Aker BP har også stadfesta at aktivitetane er dekkja av gjeldande miljørisiko og beredskap for feltet. Miljødirektoratet føreset at all aktivitet vert gjennomført i samsvar med rammene satt i dei til ei kvar tid gjeldande utslleppløyva for Valhall. Utover dette har Miljødirektoratet ingen kommentarar til at det vert gitt samtykke.

Statsforvaltaren i Rogaland har heller ingen kommentarar til at samtykke blir gitt (sjå vedlegg)

Det kan klagast på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå de mottok dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til oss. Nærare opplysningar om klageretten kan fåast hos oss.

Vedtaket skal gjerast kjent for dei tillitsvalde for arbeidstakarane, mellom anna verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Erik Hörnlund e.f.
Tilsynsleiar

Bjørnar André Haug
Sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: 1

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET
Statsforvalteren i Rogaland

Postboks 59

Stavanger